



Det kongelige kommunal og moderniseringsdep
pb. 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 14/487-3
Journalpostid: 14/3444

Saksh: Anved Johan Tveit
Telefon: 53673502

Arkivkode Dato:
K1-252, K2- 25.06.2014

Høyring om statleg godkjenning av kommunale låneopptak m.m

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

KST-056/14 Vedtak:

- 1.Eidfjord kommune er i mot framlegget til lovendring som medfører at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015-2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen
- 2.Eidfjord kommune tilrår at lovendringa ikkje vert gjennomført
- 3.Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strir mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre, og er eit unødvendig inngrep mot kommunar som ikkje er registrert i Robek

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K1-252, K2-
Arkivsak ID: 14/487 - 2
Journalpost ID: 14/3219
Saksh.: Anved Johan Tveit
Dato: 16.06.2014

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord kommunestyre	23.06.2014	056/14	TVEANV

Offentleg

Høring om statleg godkjenning av kommunale låneopptak m.m

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1 I	14.05.2014	Det kongelige kommunal og moderniseringsdep	Høring om lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak

Vedlagt: Dokument 1

Særutskrift skal sendast til: Det kongelige kommunal og moderniseringsdep

Endeleg avgjerd i: Eidfjord kommunestyre

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

1. Eidfjord kommune er i mot framlegget til lovendring som medfører at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015-2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen
2. Eidfjord kommune tilrår at lovendringa ikkje vert gjennomført
3. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strir mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre, og er eit unødvendig inngrep mot kommunar som ikkje er registrert i Robek



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

23.06.2014 Eidfjord kommunestyre

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST-056/14 Vedtak:

- 1.Eidfjord kommune er i mot framlegget til lovendring som medfører at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015-2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen
- 2.Eidfjord kommune tilrår at lovendinga ikkje vert gjennomført
- 3.Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strir mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre, og er eit unødvendig inngrep mot kommunar som ikkje er registrert i Robek

Saka gjeld:

Høyring om lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak

Bakgrunn

Regjeringa har i Prop. 95 S (2013–2014), Kommuneproposisjonen 2015, føreslege at det skal gjennomførast ei kommunereform.

For å leggje forholda til rette for gjennomføringa av reforma vert det føreslege ei lovending som styrkar den statlege kontrollen med økonomien til kommunane.

Ordlyden i framlegget er :

I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) skal § 60 nytt nr. 6 lyda:

6. Også for kommuner som ikke er underlagt statlig godkjenning etter nr. 1, er vedtak i kommunestyret for budsjettårene 2015 til og med 2017 om opptak av lån eller om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen utgifter ut over fire budsjettår, ikke gyldig før det er godkjent av fylkesmannen. Kommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om kravet om godkjenning.

III

Lova tek til å gjelde straks, med verknad frå og med 14. mai 2014.

Vurdering

Framlegget til lovending syner manglande tillit til kommunane frå sentralt hald. Dette viser at ein ikkje har tru på lokaldemokratiet når ein viktig samfunnsending skal planleggast og gjennomførast. Dette er stikk i strid med argumentasjon som vert selt inn med meir mynde og makt kommunane. Det er overraskande at statleg godkjenning av alle vedtak om å ta opp lån



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

eller inngå langsiktige leigeavtaler skal vere eit av virkemidla for å utvikle det kommunale sjølvstyret.

Prosessar rundt nødvendige investeringar til infrastruktur tek tid, og kjem ofte som ei oppfylging av nye statlege kvalitetsnormer. Krav om fylkesmannens godkjenning er ikkje eit tenleg verkemiddel for å oppnå ein god utvikling. Manglande tillit kan fort verta eit hinder for å få til gode prosesser og kan medføra dårlegare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m.strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek. Resultatet vert at kommunar som har drive økonomisk forsvarleg vert straffa med ei slikt framlegg til lovending.

Høyringsnotatet seier elles for lite om handtering av godkjenningane, og ut i frå stoda i eigen kommune vil ein ikkje tilrå at lovending vert iverksett.